Møteinnkalling

Utvalg:	**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested:	Utladalen Naturhus, Utladalen, Årdal
Dato:	21.06.2019
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til Kari Sveen – mob. 948 80 564.

Styreleiar Ivar Kvalen har alt meldt forfall, og vararepresentant Marit Aakre Tennø er varsla
Nestleiar Iselin Vistekleiven har meldt forfall, og vararepresentant Svein Blankenborg er varsla
Andre vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Tidsplan:
Styremøte Utdaladalen med synfaring utsiktspunkt Vettisfossen fredag 21. juni

Frammøte Utladalen Naturhus kl. 10:00.

- Synfaring utsiktspunkt ved Vettisfossen: Vurdere utbetring av eksisterande installasjon, eventuelt fjerning. Grunneigar er invitert til synfaringa.
- Styremøte

- **16:00 Foredrag på Naturhuset v/ Geir Høitomt – Fugleliv i Jotunheimen**

Vel møtt!

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 19/2019	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 20/2019	Referatsaker		
RS	Referat frå vårmøte og årsmelding frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane		2019/4527
ST 21/2019	Delegerte vedtak		
7/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix		2019/10275
8/2019	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport i samband med synfaring mikrokraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn		2019/12689
9/2019	Tillegg - Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming av Høgruta - Fri Flyt v/Christian Nerdrum		2019/8145
ST 22/2019	Jotunheimen NP - Dispensasjon 2019 - Riving av eksisterende utedo og oppføring av ny utedo ved Fannaråken turisthytte - Snøhetta Oslo AS v/ Anne Cecilie Haug		2019/8199
ST 23/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Utskifting av bru over Veslåe ved Gjendebu- DNT Oslo og Omegn		2019/10841
ST 24/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Byggearbeid og helikoptertransport - Gjertvasshytta - Luster Austre statsallmenning		2019/12830
ST 25/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og opprydding ved Memurubu - Tilbakemelding frå Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Svein		2019/5429
ST 26/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen- Revidert reguleringsplan - Gjendeosen/Reinsvangen - Uttale til 1. gongs ettersyn og høyring		2019/13191
ST 27/2019	Eventuelt		

ST 19/2019 Godkjenning av protokoll/innkalling

ST 20/2019 Referatsaker

Referat frå vårmøte og årsmelding frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane 2019/4527

ST 21/2019 Delegerte vedtak

7/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix 2019/10275

8/2019 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport i samband med synfaring mikrokraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn 2019/12689

9/2019 Tillegg - Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming av Høgruta - Fri Flyt v/Christian Nerdrum 2019/8145

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/8199-5	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	05.06.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2019	21.06.2019

Jotunheimen NP - Dispensasjon 2019 - Riving av eksisterende utedo og oppføring av ny utedo ved Fannaråken turisthytte - Snøhetta Oslo AS v/ Anne Cecilie Haug

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 1.3.b) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon til DNT Oslo og Omegn for oppføring av ny utedo ved Fannaråkhytta, slik bygget er vist i innsendt byggesøkand frå ansvarleg søkjar og prosjekterande, Snøhetta Oslo AS.
Dispensasjon blir gjeve med følgjande vilkår:

- Detaljert plassering av bygget blir bestemt ved synfaring, der nasjonalparkforvaltar og eventuelt ein representant frå styret representerer nasjonalparkstyret.
- Eksisterande utedo må fjernast innan eit år etter at nybygget er ferdig.
- Det skal setjast opp transportplan for mest mogleg effektiv transport av byggematerialar inn og rivingsmaterialar ut. Forvaltar får fullmakt til å godkjenne motorferdselsøknad/transportplan i medhald av verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 f).

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad av 11.03.2019 frå Snøhetta Oslo AS om dispensasjon for riving av eksisterande utedo og nytt erstatningsbygg ved Fannaråkhytta
2. Byggjeløyve datert 05 .04.2019 frå Luster kommune.
3. Sak 42/2016 i nasjonalparkstyret - *Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bygningsmessige tiltak på Fannaråkhytta i Luster kommune - DNT Oslo og Omegn*

Saksopplysningar

Arkitektfirmaet Snøhetta Oslo As søkjer på vegne av Den Norske Turistforening Oslo og Omegn om dispensasjon for utskifting av den gamle utedoen ved Fannaråkhytta:

> *«Søknaden omfatter prosjektering og oppføring av ny utedo til Fannaråken turisthytte. Søknaden omfatter også rivning av eksisterende utedo.*
> *Bakgrunnen for tiltaket er at eksisterende do er liten og uhensiktsmessig. Dagens dokummer er bygget i stedlig stein uten tiltak for oppsamling. Dette medfører at betjeningen spar avfallet opp i plastsekker som siden flys ut og leveres miljøstasjonen. Den nye doen planlegges med containere av typen IBC som står på pall som skyves inn under dobenken. Containerne perforeres med hull i bunnen slik at væske kan dreneres ut i steinrøys under. Uttransporten av fulle containere tas i sammenheng med den årlige transporten enten før, eller mot slutten av sesongen. Løsningen krever dermed ikke økt helikoptertrafikk på Fannaråken. SIMAS i Luster har mottak for slikt avfall. Der blir containerene tømt og rengjort for ny bruk.*
> *Utedoen skal bygges i enkel stenderverkskonstruksjon, kles med trepanel og forblendes med lokal stein i en tørrmur utenpå. Estetisk vil utedoen knytte seg svært tett opp til den eksisterende «stallen» som ligger ved siden av.»*

Situasjonsplan og teikning vedlagt søknaden viser byggeprosjektet:





Luster kommune har gjeve byggeløyve etter plan- og bygningslova med m.a. desse vilkåra:

«1. Alt byggearbeid må utførast etter plan - og bygningslova med tilhøyrande regelverk.

2. Dette løyvet, og teikningar det viser til, skal alltid vere til stades på byggeplassen.

3. Løyvet fell bort om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at lø yvet e r gitt, arbeidet opphøyra i meir enn 2 år, eller viss arbeidet blir innstilt i lengre tid enn 3 månader.

4. Når bygget skal takast i bruk må tiltakshavar eller ansvarleg søkjar skriftleg søka om ferdigattest (byggeblankett 5167) eller mellombelsbruksløyve (by ggeblankett 5169)

5. Du må ikkje bruka bygningen til noko anna enn det dette løyve gjeld.

6. Løyvet gjeld berre i høve plan - og bygningslova. Me har ikkje teke omsyn til

privatrettslege forhold som byggesaka kan vere i konflikt med.
7. Installasjonar (røyr, kablar , leidningar) i bakken må ikkje skadast.»

Nasjonalparkstyret har i sak i 42/2016 i møte 25.10.16 gjort slik overordna vedtak:
«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg i utgangspunktet positive til nødvendig utviding av bygningsarealet på Fannaråkhyttta til om lag 500 m^2 totalt areal.
Nasjonalparkstyret meiner at eit nybygg på ein av karaktertoppane i nasjonalparken må innordne seg landskapet, framfor å konkurrere med det. Styret vurderer derfor forslaget frå Snøhetta med eit tre etasjar høgt nybygg som eit lite heldig landskapselement på toppen av ein markant fjelltopp, og meiner det kan vera i strid med verneformålet, som m.a. legg vekt på å ta vare på eit eigenarta landskap. Dette alternativet vil heller ikkje ta vare på den særeigne historia knytt til værstasjonen.
Nasjonalparkstyret viser til ordlyden i verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, siste ledd, og til Veileder om kulturminne i verneområde, og går inn for at det blir arbeidd vidare med ei av skissene som DNT Oslo og omegn sjølve har utarbeidd for nybygg på Fannaråken.
Når det gjeld val mellom tilbygg til hovudhytta eller eit frittståande hovudbygg ved sida av hovudhytta på platået, meiner styret at tiltakshavar sjølv må vurdere kva som er mest hensiktsmessig av dei to alternativa, som på kvar sin måte byggjer vidare på dei etablerte bygga på staden. Bygging på platået slik begge desse alternativa legg opp til, gjev betre landskapstilpassing enn eit høgt bygg på høgste toppen.
Endeleg dispensasjonsbehandling for byggetiltak og motorferdsel vil skje når det ligg føre ein konkret byggesøknad, saman med gjennomføringsplan som gjer greie for nødvendig motorferdsel knytt til etablering og drifta av nybygget.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.
Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til definerte tiltak, m.a.:
a) Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.
b) Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.
Siste ledd i pkt. 1.3 gjev vidare føringar for utsjånad på nye bygningar:
«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

§ 3 pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel:
«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»
Pkt. 6.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til definerte tiltak, m.a.:
f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.

Forvaltningsplan (rettleiande utkast frå 2008)

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Fannaråkhytta ligg teig 9, brukssone med store kvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «*Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*



«Overordna strategi for sona:
Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»
Det er ikkje gjeve særskilde føringar for bygningane innan teig 9, Fanaråken. Det er generelle retningslinjer i kap. 8.2 – *TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST:*
«Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til. Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til vedlikehald og fornying av eksisterande tilrettelegging. Dette er eit nybygg, men sidan den skal erstatte eit eksisterande byggverk blir det vurdert å vera i tråd med etablert praksis.

Vurdering

Nasjonalparkstyret fekk i september 2016 foreløpig informasjon om planane for nødvendig oppgradering av anlegget på Fannaråken i eit møte med Jan Erik Reiten og Thomas With frå DNT Oslo og Omegn. Styreleiar Ivar Kvalen fekk oppdatert informasjon i dialogmøtet med DNT hausten 2018, og styremedlemmene har i desse møta stilt seg positive til planane.
Bygget har ei enkel utforming som fell godt inn i høgfjellslandskapet. Innverknad på landskapet er ikkje større enn den eksisterande utedoen som skal rivast. Det er praktisk å kunne ha eksisterande bygg ståande til det nye kan takast i bruk. Den korte byggesesongen gjer at ein ikkje rekk riving og nybygg før sesongstart på turisthytta, så ein må ut frå dette akseptere at nybygget ikkje blir oppført på same tomta. Det er derfor viktig å tilbakeføre landskapet på den gamle tomta til mest mogleg naturleg tilstand ved å plassere stein over.
Endeleg plassering av bygget vil bli gjort ved synfaring. Plassering må skje slik at ein får best mogleg landskapstilpassing og enklast mogleg utskifting av oppsamlingscontainarane.
Det er ikkje registrert sårbare artar som vil bli negativt påverka av tiltaket (nml § 8). Transporten vil gje noko støy i eit avgrensa tidsrom, men ved bruk av helikopter får ein aktivitet/støy konsentrert til eit kortast mogleg tidsrom (nml §12 – *Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*). Det er viktig med god planlegging av transporten, for å halde samla omfang av motorferdsel på eit minimum (§§ 9 og 10 i nml om økosystemtilnærming og samla belastning). § 11 i naturmangfaldlova blir ikkje vurdert som relevant for denne saka.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/10841-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	09.05.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2019	21.06.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Utskifting av bru over Veslåe ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 c) og d) løyve til oppføring av ny fagverksbru som erstatning for den gamle hengebrua over Veslåe. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru.
Den gamle brua må fjernast så snart den nye er ferdigstilt.
Også gamle fundament bør fjernast, slik det er tilrådd av grunneigar. Forvaltar får fullmakt til å godkjenne ein eventuell motorferdselsøknad for fjerning av dei gamle betongelementa.
Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Ei funksjonell bru er viktig for trygg ferdsel, og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet når tidsrom for byggearbeidet blir lagt utanom sårbare perioder for fugle- og dyreliv.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Oversending ved e-post av 09.05.2019 frå Lom kommune, vedlagt søknad av 26.04.19 frå DNT Oslo og Omegn.
2. Førebels tilakemelding av 24.05.19 frå Lom kommune med status i saka og spørsmål til tiltakshavar om fundamentering og terrenginngrep

Saksopplysningar

DNT Oslo og Omegn har sendt følgjande søknad om utskifting av skada bru over Veslåe ved Gjendebu:

Dette brustedet ligger i Vestre enden av Gjende, ca 250m fra Gjendebu i Jotunheimen. Det har vært bru her i svært lang tid, all ferdsel til Torfinnsbu og fjellområdet på sørsiden av Gjendebu går over denne brua. Dette er jo en svært mye brukt sti og bru, med flere tusen brukere hvert år. Dette er en meget attraktiv rute som også brukes mye av barnefamilier, vading er uaktuelt fordi elva er så dyp og ofte stri.

Den eksisterende hengebrua er ødelagt, og fordi denne brua er så mye brukt mener vi det er viktig å prioritere å sette den i stand til sommeren.
Beliggenhet:
WGS84 UTM32V: 6812518, 472935, (nord,øst). Lat/lot: 61.445509, 8.4924488 (nord, øst).

Den eksisterende brua har blitt totalskadet i 2009, 2014 og nå senest i 2018, se vedlagte bilder som viser noen av skadene. Problemet er at særlig det ene fundamentet er utsatt for erosjon, tårnene er for lave og innfestingen for spinkel. Både i 2009 og i 2014 reetablerte man eksisterende løsning uten å ta tak i de uheldige sidene ved konstruksjonen. Vi har nå fått med oss flere fagfolk i prosjekteringsarbeidet og som også kan stille på dugnad slik at vi har et grunnlag for å kunne gjøre en skikkelig utbedring som bør holde i mange år fremover.

Vi ønsker å bytte ut den eksisterende/ødelagte hengebrua med fagverksbru, i all hovedsak for å bygge ei bru som er mindre utsatt/tåler bedre at fundamentene ikke er helt stabile. Den nye fagverksbrua er planlagt bygget på trepåler(se tegning) helt inntil og nedstrøms eksisterende betongfundamenter slik at disse betongfundamentene fungerer som isbarrierer. Vi vil ikke gjøre irriversible inngrep eller benytte gravemaskin eller andre anleggsmaskiner til arbeidet.

Rent praktisk er planen å utføre byggearbeidet i juli/august slik at vi ikke jobber i dette området i hekketiden, og før gytingen i elva. Transport av broelementene vil skje ved hjelp av Gjendebåten og elementene vil så bæres opp til brostedet og settes sammen på stedet.

Rester av eksisterende hengebru vil bli fraktet ut av Nasjonalparken.

Eksisterande hengebru:



Teikning av ny fagverksbru



Lom kommune har bedt om uttale/vedtak frå Statskog, Lom fjellstyre og Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen før kommunen behandlar søknad etter plan- og bygningslova.
Utdrag av attendemelding datert 14.05.2019 frå Statskog SF til Lom kommune:
«Statskog har i utgangspunktet ingen innvendinger til at det etableres ny bru over Vesleåi ved Gjendebu. Når det gjelder hvilken type bru og nøyaktig plassering har vi ingen bestemt oppfatning om dette.
Vi har vært i kontakt med Lom fjellstyre angående saken. Fjellstyret ønsker at de gamle brukarene fjernes,da de fremstår som skjemmende. Statskog støtter dette da det i prinsippet bør ryddes etter gammel bru ved etablering av ny bru.»

Lom kommune har i brev av 24.05.19 etterlyst nærare opplysningar om brufundamentering og utgreiing av kva terrenginngrep som tiltaket vil medføre.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.
Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til nærare definerte tiltak:

c) Gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagde ved brann eller naturskade.
d) Bygging av bruer og legging av klopper.»

Forvaltningsplan (rettleiande utkast frå 2008)



Området ligg i brukssone, og forvaltningsplanen seier m.a. dette om denne kategorien:

- *«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*
- *«Overordna strategi for sona:*
  Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. - - -»
- *«Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheiter i å krysse elvar.»*
- *«Retningslinjer:*
  Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til fornying av eksisterande tilrettelegging for ferdsel.

Vurdering

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med utkast til forvaltningsplan, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stigar og bygging av bruer der dette er nødvendig. Saka gjeld utskiifting av eksisterande bru.
Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:
§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer i tilknyting til etablert tursti. Ny bru skal erstatte eksisterande bru, og vil ikkje gje annan innverknad på naturmiljøet enn den gamle brua som skal skiftast ut.
§ 9 Føre-var prinsippet: Tilrettelegginga skjer i brukssone ved eksisterande tiltak, og ein kan ikkje sjå at dette vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet.
§ 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til byggjetiltak, men det omsøkte tiltaket gjeld fornying av eksisterande bru. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.
§ 11 - Kostnader ved miljøforringing: Spørsmålet vert ikkje vurdert som relevant.
§ 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Søkjar vil ta omsyn til fugle- og dyreliv ved å leggje byggearbeidet tll ei lite sårbart tidsrom. Det er ikkje lagt opp til motorisert transport utanom materialtransport med Gjendebåten. Arbeidet vil gjennomførast manuelt

Konklusjon:
Brua er eit verdifullt tilbod til friluftslivet, og den gamle brua er vanskeleg å reparere.
Nybrua vil ikkje få negative konsekvensar for naturmangfaldet, og gjev ikkje stor innverknad på landskapet.
Søknaden skal også behandlast av kommunen, som forvaltningstyresmakt etter plan- og bygningslova. Grunneigar har gjeve samtykke, men tilrår fjerning av dei gamle betongelementa.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/12830-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	12.06.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	24/2019	21.06.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Byggearbeid og helikoptertransport - Gjertvasshytta - Luster Austre fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret gjev med heimel i i § 3 pkt. 1.3 a) løyve til endra taktekking på Gjertvasshytta, med torv og lokal stein for å få tyngde og skjerming mot at vinden tek tak i torva. Evt. bruk av nett over torva må avklarast nærare når det gjeld materialval og behov.
Med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) blir det gjeve løyve til bruk av helikopter i juli/august for transport av materialar til nytt tak.
Løyvet gjeld for nødvendig tal turar med helikopter; i utgangspunktet stipulert behov 10 turar. Dersom vertilhøve og samla tyngde gjer det nødvendig å dele opp lasta på fleire turar, kan dette gjerast ut frå sikkerheitsgrunnar.
Transportrute er frå opplastingsplass ved Styggedalen og austover til Gjertvatnet.
SNO v/ Rigmor Solem skal varslast om flygedato(ar) seinast dagen før transport, via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Tiltakshavar har ansvar for innhenting av løyve etter motorferdsellova frå kommunen og eventuell godkjenning frå grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad av 12.06.19 frå Luster Austre fjellstyre
- Sak 5/2016 i nasjonalparkstyret - *Jotunheimen nasjonalpark - Gjenoppføring av Gjertvasshytta - Luster Austre statsallmenning*
- Andre dokument knytt til hytta ved Gjertvatnet, tidlegare motorferdselløyve m.m.

Saksopplysningar

Søknad motteken 12.06.19 med følgjande ordlyd:
«Luster austre fjellstyre søkjer med dette om løyve til å legge torvdekke på Gjertvasshytta ved Gjertvatnet sommaren 2019.
Hytta er av laft, og vart sett opp i 2016. I ettertid har bygget fått moglegheit til å sette seg slik eitt bygg av laft bør. Det har då vist seg at hytta ikkje har sige saman, og som eit tiltak for å få laftet til å gjere det ynskjer fjellstyret å legge torv på taket for å presse den saman. Då området rundt hytta er prega av mykje stein så er det i høve estetikk og værforhold grunnlag for å legge nokre heller på taket og til slutt legge netting over for å halde alt i ro. Tanken er at det skal likna Hervabui på Sognefjellet, sjå bilete under.
I tillegg kjem snikkarane våre til å isolere på golvet på nytt og ferdigstille byggeprosjektet.
I samband med torvlegging og ferdigstilling så søkjer fjellstyret om 10 turar frå Turtagrø/Styggedalen til Gjertvatnet i månadane juli og august i år. For å få ned kostnadane med transport så kjem ein fortrinnsvis til å gjere klar hiv og materialar til helikoptertransport i Styggedalen. Fjellstyret ynskjer å få gjennomført tiltaket i juli, men må ha litt slingringsmonn i tal turar og tidspunkt grunna væreforhald, og tyngd på torv.»

Vedlagt søknaden er bilete av Hervabui, som viser korleis taket er tenkt lagt:

Bileta under viser hytta, der taket er dekt med pappshingel.

Omsøkt innflygingsrute er frå enden av vegen innover Helgedalen/Styggedalen i vest på kartutsnittet under, og rett austover mot Gjertvatnet

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 slår fast at *«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, - - -»*, jf. § 3 pkt. 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 1.3 a) gje løyve til: *«Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.»*
Siste ledd i pkt. 1.3 gjev vidare føringar for utsjånad på nye bygningar:
«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

Motorferdsel og lågtflyging er etter § 3, pkt. 6.1 i verneforskrift for Jotunheimen forbode. Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 f).gje løyve til «*Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar*.»

Forvaltningsplan(rettleiande utkast frå 2008)

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Gjertvatnet ligg i teig 10, brukssone med store kvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «*Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*



Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er etablert praksis å opne for tilrettelegging og nødvendig transport knytt til eksisterande buer/hytter.

Vurdering

Nasjonalparkstyret godkjende i møte 24.02.16 søknad om utskifting av den gamle hytta ved Gjertvatnet. Det vart også gjeve løyve til oppføring av uthus og til motortransport for frakt av materialar og utstyr.
Fjellstyret valde i utgangspunktet pappshingel som takdekke, men dette har vist seg å vera lite eigna på ei laftehytte pga manglande tyngde. Fjellstyret ynskjer difor å leggje torvtak på den nye hytta. Det er ikkje stadeigen torv i nærleiken, så torv må flygast inn. I tillegg er det planlagt å leggje stein over for å sikre torva mot vinden. Det er i søknaden også vist til at det skal vera nett over torva for å halde alt i ro. Det er ikkje heilt klarlagt kva type nett som er aktuelt, og det er bedt om utfyllande opplysningar. Bruk av plastnett må unngåast så langt det er mogleg, og ein bør prøve å halde seg til naturmaterialar. Det var i samtale med dagleg leiar i fjellstyret vist til at det kunne vera aktuelt med noko gjerdenetting for å halde torva på plass til ho får sett seg sikkeleg.
Den endra taktekkinga til torv- og steintak vil truleg gjera at hytta blir enda betre tilpassa landskapet enn med dagens papptak. Ved å leggje godt med stein over torva, på same måte som på Hervabui, vil torva verta godt skjerma mot vinderosjon.
Vurdering etter naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12:
I forvaltningsplanen er Gjertvassdalen i ei sone som kan ha noko grad av tilrettelegging, men er også ein del av Vest-Jotunheimen villreinområde, med sommarbeite for bukk (nml § 8). Det er bra at transporten er lagt utanom vinterbeiteperioden for villrein. Transporten vil gje noko støy i eit avgrensa tidsrom, men Luster austre fjellstyre har planlagt transport inn i nasjonalparken kortaste vegen frå Styggedalen. Bruk av helikopter er mest skånsame transportmetoden, ved at ein får aktivitet/støy konsentrert til eit kortast mogleg tidsrom på ei tid av året da reinen er mindre sårbar (nml §12 – Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder). Det er viktig med god planlegging for å halde samla omfang av motorferdsel på eit minimum (§§ 9 og 10 i nml). § 11 i naturmangfaldlova blir ikkje vurdert som relevant for denne saka.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/5429-9	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	03.04.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	25/2019	21.06.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og krav om opprydding ved Memurubu - Oppfølging av tilbakemelding frå Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til vedtak i sak 6/2019, og til motteken tilbakemelding frå Memurubu Turisthytte av 18.03.2019.
Nasjonalparkstyret er tilfreds med planlagt opplegg for fjerning av del av utrangert knuseverk, og ber om tilbakemelding når oppdraget er fullført – jf. fristen 1. mai 2020 som er sett for å kunne gjennomføre uttransport på vinterføre. Ein har heller ikkje merknader til at Lecablokker blir tekne vare på for bruk ved planlagt byggearbeid dei næraste par åra, jf. vedtak i sak 6/19.
Når det gjeld dei gamle materialhaugane og forbrenningsomnen held nasjonalparkstyret fast ved desse punkta i sitt tidlegare vedtak i sak 6/2019:

- Ubehandla bygningsmateriell (reint og tørt trevirke) kan kappast opp til ved og nyttast saman med bjørk til oppvarming. Fleire av materialhaugane har vore lagra svært lenge allereie, og haugane må derfor gjennomgåast og sorterast slik at alt som ikkje er eigna til ved blir rydda vekk. Fristen for dette blir utsett frå 1. juli til 15. september 2019, slik at alt som ikkje er eigna som ved til oppvarming blir frakta ut saman med det andre som skal uttransporterast ved sesongslutt. Materialkapp eigna til ved må nyttast innan 31.12.2020.

- Det ligg føre eit avslag på søknaden om å bruke omnen til brenning - jf. brev av 23.04.19 frå Fylkesmannen i Innlandet. Utan godkjenning må omnen fjernast innan fristen for opprydding som vart sett til 1. juli 2019, jf. behandling i nasjonalparkstyret sak 39/18.

- I løpet av 2019 må alt som ligg lagra langs austbreidda av Muru ryddast. Utrangerte gjenstandar og materialar fraktast ut innan 1. mai 2020. Det som er godkjent for seinare bruk må samlast og plasserast inntil lagerbygningane, i tråd med tilrådinga vist på illustrasjonen i landskapsanalysen frå 2004.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Sak 39/2018 i nasjonalparkstyret sitt møte 12.11.18.
- Brev av 20.11.18 til Memurubu Turisthytte - *Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall ved Memurubu Turisthytte og behov for opprydding. Orientering om reglar for brenning*
- Tilbakemelding ved brev av 24.01.2019 frå Memurubu Turisthytte
- Landskapsanalyse utført av landskapsarkitekt i 2004.
- Sak 6/2019 i nasjonalparkstyret sitt møte 04.03.19 - *Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og behov for opprydding ved Memurubu*
- Brev til Memurubu Turisthytte vedlagt skjema for oppfølging av sak 6/2019
- Tilleggsbrev av 13.03.19, med korrigering

- Svarbrev av 18.03.19 frå Memurubu Turisthytte
- Fylkesmannen i Innlandet - brev av 23.04.2019 – ref. 2019/9575 – Avslag på søknad om bruk av forbrenningsomn.

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 6/2019 slik vedtak:
«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tek til orientering brev av 24.01.19 frå Memurubu Turisthytte, men saknar ein konkret tiltaksplan for opprydding innan 1. juli 2019 – jf. styrets vedtak i sak 39/2018. Dei mange haugane med materialar og gjenstandar som har hopa seg opp rundt langs austbreidda av elva Muru og ved lagerbygningane blir vurdert å vera visuell forureining, og i strid med verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 og pkt. 7.1. Det blir på grunnlag av dette sett følgjande fristar for nødvendige tiltak – jf. vurderingar i saksutgreiinga:

- *Lecablokker som kan nyttast ved tilbygget til kraftstasjonen og evenuelt anna godkjend byggeprosjekt kan lagrast til bygginga er utført. Innan eitt år etter at bygningane er ferdigstilt skal alt overskottsmateriell ryddast, og det som ikkje skal nyttast må fraktast ut.*
- *Ubehandla bygningsmateriell (reint og tørt trevirke) kan kappast opp til ved og nyttast saman med bjørk til oppvarming. Fleire av materialhaugane har vore lagra svært lenge allereie, og haugane må derfor gjennomgåast og sorterast slik at alt som ikkje er eigna til ved blir rydda vekk. Fristen for dette blir utsett frå 1. juli til 15. september 2019, slik at alt som ikkje er eigna som ved til oppvarming blir frakta ut saman med det andre som skal uttransporterast av ved sesongslutt. Materialkapp til ved må nyttast innan 31.12.2020.*
- *Det ligg ikkje føre nokon søknad eller godkjenning for å kunne behalde og bruke omnen som vart brukt til brenning av eitt eller anna i 2018, og hovudregelen er at det ikkje kan opnast for brenning av bedriftsavfall. Utan godkjenning må omnen fjernast innan fristen for opprydding som vart sett til 1. juli 2019, jf. behandling i nasjonalparkstyret sak 39/18.*
- *Den utrangerte grusharpa, som vart frakta inn på vinterføre for mange år sidan, må fraktast ut og leverast til godkjent mottak innan fristen 1. juli 2019. Det er så langt i år svært dårleg vinterføre rundt Gjende, og dersom det ikkje let seg gjera å frakte ut restane av den gamle grusharpa i 2019, vert alternativ frist for fjerning sett til 1. mai 2020. Også eventuelle andre utrangerte gjenstandar må fjernast samtidig.*

I løpet av 2019 må alt som ligg lagra langs austbeidda av Muru ryddast og samlast inntil lagerbygningane, i tråd med tilråding i landskapsanalysen frå 2004.»

Avtaleskjema vedlagt brev med melding om vedtak i sak 6/2019 vart ikkje signert. Det kom i staden følgjande tilbakemelding frå bedrifta:

> **Behandling av avfall og opprydding Memurubu**
>
> Vi viser til deres brev av 08.03.2019 når det gjelder opprydding i området rundt lager i Memurubu, mye er alt utført, vi har noen kommentarer til dette:
>
> Lecablokker som ikke blir benyttet til ny kraftstasjon og eventuelt avfallsanlegg fjernes innen ett år etter at byggningene er ferdigstilt. Ønskes utkjørt vinterstid
>
> Ubehandla bygningsmateriell som kan brukes til ved blir kappa opp, men det er ikke mulig å bruke det innen 31.12.2020, frist må forlenges slik at det er minst 5 år. Vi gjør oppmerksom på at forskallingsmaterialer er tenkt brukt til forskalling av kraftstasjon, demning mm, det kappes ikke opp/fjernes før dette er ferdig
>
> Brenning av avfall, det er sendt søknad til Fylkesmannen i Innlandet om brenning av papir (tørkepapir etc), vi avventer deres svar.
>
> Det dere betegner som utrangert grusharpe er en knuserkjeft som vi skal kjøre ut innen tidsfrist, grusharpa skal brukes til kraftstasjon/demning og beholdes til det er utført.

Fylkesmannen i Innlandet har gjeve avslag på søknad om brenning.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljødirektoratet har med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd og tredje punktum delegert forvaltningsmyndigheit til nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjennom vedtekter revidert 13. august 2015. Vedtektene for nasjonalparkstyret har følgjande ordlyd når det gjeld oppfølging av ulovlege forhold:
8.5 Brudd på naturmangfoldloven/verneforskriftene, rapporter og anmeldelser
Styret har som forvaltningsmyndighet et selvstendig ansvar for å påse at alle brudd på verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/anmeldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.
Kopi av anmeldelse/rapport, samt avgjørelse fra politiet skal sendes Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret oversende en rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 og 7.1 gjev slike føringar:
Pkt. 1.1 – *Vern mot inngrep i landskapet*
«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

Pkt. 7.1 – *Forbod mot ureining*:
«All slags ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.»

Forvaltningsplan

«Retningslinjer:
Minst mogleg avfall og forsøpling i og ved verneområda. Turistbedriftene har eige ansvar for transport av avfall/overskotsmatriell som følgjer av turistbedrifta si drift.»

Presedens

Memurubu har allereie i dag langt større lagerkapasitet enn alle dei andre bedriftene i verneområdet. Det vil skape uheldig presedens om ein over tid let det utvikle seg ein praksis der enkelte tek i bruk stadig større areal til utandørs lagring av utrangert materiell og ymse restar etter byggearbeid.

Vurdering

Avfallsbehandling og oppfølging i medhald av forureiningslova med forskrifter ligg under kommunen sitt ansvarsområde. Søknaden om brenning av papiravfall har fått avslag frå Fylkesmannen i Innlandet. Ein forventar at bedrifta innrettar seg etter rammer for avfallsbehandling som følgjer av forureiningslova, og vedtak frå forvaltningsstyresmakta her. Lagring av materialar og ymse gjenstandar rundt bygningane som tilhøyrer bedrifta krev oppfølging i medhald av § 3 i verneforskrift for nasjonalparken. Verneforskrifta set reglar for

vern mot inngrep i landskapet (pkt. 1.1) og forbyr all slags ureining og forsøpling (pkt. 7.1). Dette ligg under nasjonalparkstyret sitt ansvarområde.
Opphoping av skrot og bygningsmaterialar over mange år medfører visuell påverknad på naturlandskapet, og styret stilte konkrete og realistiske krav om opprydding i sak 6/2019. Tilbakemeldinga frå Memurubu Turisthytte i brev av 18.03.19 gjev ikkje noko forpliktande svar på alle punkt i Nasjonalparkstyret sitt vedtak i sak 6/2019.
Brevet gjev tilfredsstillande svar på oppfølging av punkt om lagra lecablokker:

> Lecablokker som ikke blir benyttet til ny kraftstasjon og eventuelt avfallsanlegg fjernes innen ett år etter at byggningene er ferdigstilt. Ønskes utkjørt vinterstid

Det same gjeld punkt om den utrangerte delen av det gamle knuseverket (feilaktig omtala som grusharpe i sak 6/2019, men mistaket vart retta opp i tilleggsskriv av 13.03.19 til Kjetil Sveine):

> Det dere betegner som utrangert grusharpe er en knuserkjeft som vi skal kjøre ut innen tidsfrist, grusharpa skal brukes til kraftstasjon/demning og beholdes til det er utført.

Når det gjeld forbrenningsomnen, har ein registrert at søknaden om å kunne nytte omnen til brenning av tørkepapir er behandla av forureiningsavdelinga hos Fylkesmannen i Innlandet. Søknaden har fått avslag ved brev av 23.04.2019 – ref. 2019/9575. Vedtaket er ikkje påklaga, og klagefristen er ute. Det betyr at det ikkje ligg føre noko løyve til å nytte omnen til brenning. Krav om fjerning av omnen bør derfor stå fast, og ein viser til fristen for opprydding som vart sett til 1. juli 2019 ved første behandlinga i nasjonalparkstyret.
Materialane som skulle kappast og brukast til ved har vore lagra i ei årrekke, og med stadige utsettingar med grunngjeving om at materialane skulle nyttast som ved m.m. Det vart i møte med Kjetil Sveine opplyst at materialane stamma frå det gamle huset i Memurubu. Dei har såleis vore lagra svært lenge (ca. 20 år), og det må det stillast spørsmål ved om desse materialrestane i det heile eignar seg som brensel eller forskalingsmaterialar. 5 nye år med lagring er uansett altfor lenge, og det er ikkje i tråd med vedtaket i sak 6/2019 med frist om rydding og sortering i løpet av 2019, og bruk av materialrestar eigna for ved innan utgangen av 2020. I vedtaket vart det lagt opp til at alt som ikkje er eigna som ved blir frakta ut saman med øvrige saker og avfall som skal uttransporterast av ved sesongslutt i år.
Dersom det ikkje på noko vis let seg gjera å få alt ut i haust, kan det utarbeidast ei forpliktande avtale om utfrakting av materialrestane på vinterføre, innan 1. mai 2020.

Plassen rundt lagerbygningane ved utløpet av Muru har over tid utvikla seg til eit lite tiltalande område med haugar av bygningsmaterialar, bygningsrestar og ulike gjenstandar og utstyr. Det framstår som ei uoversiktleg blanding av nyttbare ting og utrangerte saker som må klassifiserast som avfall. Utsikt frå stigen ned frå Sjugurdtinden illustrerer dette:

Detalj av foto frå 2018

Dette er ein situasjon som har vara i mange år, og rydding har vore utsett med grunngjeving om at mykje skulle nyttast i framtidige bygg og ved drift. Situasjonen rundt lagerbygningane var om lag den same i 2004, da det etter oppdrag frå Fylkesmannen vart utarbeidd ein

landskapsplan. Det er i landskapsanalyse frå 2004 konkludert med at alt overflødig må fjernast og eventuell utelagling blir ved «driftstunet»:

5.0 Opprydding utelager

Utelager reduseres og jernskrap og søppel skal fraktes bort fra området. Paller bør gjenbrukes eller fraktes bort. Utelager for nødvendig mellomlagring av materialer etc som skal brukes innen 5 år plasseres inne mellom bygningene på driftstunet. Materialer og avfall som er lagret lenger enn 5 år uten å bli brukt, skal fjernes.



Det har nå gått 15 år sidan utført analyse, og mykje ligg framleis lagra langt ut over den tilrådde tidshorisonten på maksimalt 5 år (rekna frå 2004).

Konklusjon:
Det som er interessant for vernestyresmakta er at all avfallshandtering skjer i tråd med gjeldande lovverk på forureiningsområdet, og at det ikkje over tid samlar seg opp avfall og gjenstandar som medfører visuell forringing av landskapet.

Det må leggjast vekt på at arealet på flatene mellom utløpet av Muru og båtbrygga er statsallmenning og nasjonalpark, med naturverdiar og store friluftsinteresser. Arealet må setjast i slik stand at det avspeglar at dette landskapet er i ein nasjonalpark, og ikkje ein lagerplass på eit ordinært industriområde. Det er på høg tid å følgje opp tiltak i landskapsanalysen som vart utført av landskapsarkitekt i 2004.

Arkivsaksnummer:	2019/13191-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	18.06.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	26/2019	21.06.2019

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – Revidert reguleringsplan – Gjendeosen / Reinsvangen - Uttale til 1. gongs ettersyn og høyring

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til tidlegare uttale i sak 4/2017, der det m.a. vart påpeikt at det må vera *«ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Ein må uansett rekne med at folk vil trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i planen.»*

Det reviderte planforslaget er vist med ein slik gangveg, men servicebygget/terminalbygget er nå trekt så lang ned i vasskanten at det vil hindre fri ferdsel langs vassdraget, sidan stigen på utsida vil stå under vatn ved høg vasstand. Plassering av det nye terminalbygget bør difor justerast, slik at ein sikrar fri passasje på utsida av bygget – også ved høg vasstand. Det bør også tilretteleggast med eit romslegare areal ut mot Gjende for opphald, leik og fisking, for å gje ei naturoppleving også til dei som berre er på kort besøk i randsonen til nasjonalparken.

Gjende – med Besseggen som trekkplaster – er den mest nytta innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark, og det er viktig at opplevinga av naturen blir tydeleg kommunisert overfor besøkande til verneområdet. Planskissene viser ikkje korleis bygget blir opplevd frå nede på bryggeområdet. Dette må utgreiast nærare, slik at ein ikkje får eit bygg som stengjer den frie sikten innover Gjende og mot nasjonalparken for dei som oppheld seg på området nede ved servicebygget. Det arktitektoniske uttrykket bør ikkje overdøyve eller svekke opplevinga av naturen, og den tverrstilte plasseringa av nytt servicebygg kan i verste fall framstå meir som eit stengsel enn som ein invitasjon inn mot nasjonalparken.

Det er beklageleg at terrenginngrepet med reinseanlegg sør for Gjende likevel ikkje blir tilbakeført til LNF-område, slik det er vist i gjeldande reguleringsplan frå 2012. Med den valde løysinga i revidert planforslag vil det vera svært viktig at driftinga av reinseanlegget i det veglause området blir utført på ein skånsam måte, slik at det ikkje oppstår nye inngrep som utviding av slamlaguner eller skjemmande køyrespor i eit område som ligg tett opp mot nasjonalparkgrensa. Dette området i randsonen til nasjonalparken har også kulturminne og eit verdifullt kulturmiljø som bør skjermast mot nye inngrep i landskapet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Høyringsdokument oversendt frå Vågå kommune ved e-post av 18.06.19:
   - Høyringsdokument - Revidert reguleringsplan for Gjendeosen - Reinsvangen
   - Vågå kommunestyre, sak 20/19
   - Planomtale 2019-06-07
   - Plankart 2019-05-03

- Føresegner 2019-06-07
- Risiko- og sårbarheitsanalyse 2019-06-07

2. Oppstartmelding av 23.05.2018 frå Structor Lillehammer AS – reviisjon av reguleringsplan - detaljregulering
3. Innspel til oppstartsmeldinga - brev av 25.06.18
4. Sak 4/2017 i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen – Uttale til dispensasjon - Reguleringsplan - Rammesøknad for byggetrinn 1 - Prosjekt Nasjonale turistveger Gjende - Statens vegvesen

Saksopplysningar

Konsulentfirmaet Structor har på vegne av Statens vegvesen Turistvegseksjonen utarbeidd revidert detaljregulering for området Gjendeosen-Reinsvangen, og Vågå kommune har lagt planen ut til offentleg ettersyn og høyring i tråd med vedtak i kommunestyret i sak 20/19. Frist for uttale er sett til 12. august. Planrevisjonen medfører endring av den gjeldande reguleringsplanen frå 2012 på følgjande hovudpunkt:

1. Endra brukryssingspunkt
Bru over Gjendeelva er flytta nedstraums i Sjoa-vassdraget, med justering av tilhøyrande stigsamband. Eksakt plassering er ikkje fastsett i planforslaget.

2. Endra utforming og plassering av servicebygg (terminalbygg) på Gjendeosen
Planforslaget gjev rammene for nytt servicebygg på Gjendeosen med endra plassering og endra utsjånad i forhold til det som låg til grunn for gjeldande plan. Bygget blir nå omtala som eit terminalbygg i planforslaget. I planomtalen er det vist ulike illustrsjonar for utforming og plassering av bygget.

3. Endra løysing for vatn og avlaup.
Løysingane for vatn og avløp er endra i forhold til det som låg til grunn ved godkjenning av gjeldande plan i 2012. Planforslaget legg til grunn lokal VA-løysing på Reinsvangen og ei vidareføring av dagens avlaupsløysing med område for infiltrasjon på sørsida av Gjendeelva for bedriftene ved Gjendeosen.

4. Endring i parkeringsareal på Reinsvangen
Regulerte parkeringsareal på Reinsvangen mellom Gjendeelva og bilvegen er teke ut av planen.

5. Mindre justeringar
I tillegg til hovudendringane, er det gjort mindre justeringar av gjeldande plan.

Formålet med Statens vegvesen sitt prosjekt på Gjende er (jf. planomtalen kap. 1.4):
- ✓ Redusere areala som brukas til parkering.
- ✓ Reparera øydelagt landskap.
- ✓ Redusere biltrafikken inn til Gjendeosen.
- ✓ Gi betre trafikktryggleik og smidigare trafikkavvikling.
- ✓ Legge betre til rette for Gjendebåtane.
- ✓ Gi betre service for vegfarande og fotturistar.

I denne saka blir det lagt mest vekt på forslaga i pkt. 2 og 3 for endra tilrettelegging ved Gjendeosen, som ligg tett opp mot nasjonalparkgrensa og har direkte innverknad på landskapsopplevinga.

Kartskisse frå planomtalen viser arealdisponeringa som nå er planlagt ved Gjendeosen:



Servicebygget/terminalbygget er tenkt plassert på tvers av dalføret, og nesten heilt ut til kanten av Gjende:

Ut frå illustrasjonen i planomtalen ser det ut som om mesteparten av arealet vest for servicebygget blir tilrettelagt for revegetering. Berre ei smal stripe langs vasskanten blir lagt til rette for ferdsel/opphald; gangvegen fram tll stigen langs Gjende mot Memurubu:

Reinsvangen blir hovudparkering, med servicebygg, informasjon og plass for ca. 800 bilar. I høgsesongen er det skyttelbuss inn til Gjendeosen. Elles er det gangstig litt oppe i terrenget mellom Reinsvangen og Gjendesheim.



Det er informasjonspunkt både på Reinvangen og ved Gjendeosen, der Turistvegseksjonen har lagt til rette for at dei ulike aktørane har fått tilrettelagt sine skilt med felles materialvalg.

Sett frå oppe i bakken ved Gjendesheim gjev anlegget eit inntrykk av fri sikt mot Gjende:

Planomtalen har ikkje visualisert situasjonen sett frå bakkeplan nede ved brygga, der skyttelbussen stoppar, og der dei fleste vil oppleve ankomsten til Gjendeosen. Eksisterande reguleringsplan frå 2012 la opp til felles VA-løysing for heile planområdet, medan revidert plan har lokalt anlegg for Reinsvangen og forslag om å nytte Gjendesheim sitt infiltrasjonsanlegg på sørsida av Gjendeelva som felles anlegg for Gjendeosen:

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og

Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Forvaltningsplan / besøksstrategi / innfallsportar

Miljødirektoratets veileder M-417 | 2015 om innfallsportar understrekar *naturoppleving* som eit viktig element i tillegg til infrastrukturen på innfallsportane til nasjonalparkar/verneområde:

- *Et viktig formål med innfallsporter er å tilby den besøkende naturopplevelse*
- *Alle besøkende skal sitte igjen med et positivt nasjonalparkminne uavhengig av om de kun besøkte området rundt informasjons-, start- eller utkikkspunktet, eller endte med å gå en lengre tur i nasjonalparken.*
- *Arkitekturen eller anlegget må gjerne bli en attraksjon i seg selv, men uttrykket må alltid være slik at det ikke overdøver eller svekker opplevelsen av nasjonalparken.*

Vurdering

Det reviderte forslaget til reguleringsplan har lite fokus på at plassen ved Gjendeosen bør framstå som eit attraktivt opphaldsareal med innslag av naturoppleving både for dei som ventar på båten, for dei som vil fiske, og for dei som berre vil rusle ein tur og oppleve naturen ved Gjende. Området framfor terminalbygget er hovudsakleg trafikkareal, med rundkøyring og bussoppstillingsplassar. Det går ikkje klart fram korleis arealet vest for terminalbygget er tenkt brukt, men ut frå illustrasjon i planomtalen kan det verke som om det er tenkt tilbakeført til «naturleg» terreng med revegetering, og berre ei smal stripe for gangveg langs stranda.

Gjende – med Besseggen som trekkplaster – er den mest nytta innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark, og det er derfor ønskjeleg at denne statusen blir tydeleg kommunisert overfor besøkande til verneområdet. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gav i tidlegare uttale til rammesøknad for byggetrinn ved Gjendeosen uttrykk for at tilrettelegginga av ikonpunkt Gjende burde reflektere at dette også er inngangen til nasjonalparken, jf. utdrag av uttalen i NP-sak 4/2017, der det m.a. vart påpeikt følgjande: *«Restaureringsplanen manglar ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Ein må uansett rekne med at folk vil trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i planen.»*

Planomtalen viser til at *«Det er lagt til rette for mange ulike opphaldsareal på plassen mellom brygga, bryggebygningen, terminalbygget og rundkøyringa. Godt tilbod av ulike tilrettelagte uteplassar gjer området til et attraktivt sted, med god kapasitet til å ta imot den store straumen av tilreisande, også på dei travlaste dagane.»*

Det er ikkje talfesta kor mange plassar tilrettelegginga representerer, og planomtalen har inga vurdering av om opphaldsarealet gjev tilstrekkeleg rom for dei mange som vil opphalde seg ved brygga i toppsesongen. Sjølv med førehandssalg av billettar på nett og kjende avgangstider på båten, vil mange koma i god tid før båtavgangane og bli verande ei stund i området. Mange vil nok også koma for å oppleve ikonpunktet, og det er kommunisert at tilrettelegginga er meint å gje fleire inspirasjon til å besøke plassen og opphalde seg lengre i området. Dersom dette skal skje i praksis, må folk ha tilgang på attraktive opphaldsområde. Særleg for barnefamiliar ville god tilgang til opphaldsareal i strandsonen, med høve til naturoppleving, og kanskje fisking vera eit verdifullt tilbod.

For dei som ønskjer nærleik til naturen under opphaldet ved Gjendeosen synest det vera lite tilgjengeleg areal utanom den smale stigen langs stranda. Denne sonen skal også fungere som gangareal, og vil gje lite rom for opphald, leik eller fisking. Terminalbygget er også trekt så langt ut mot Gjende at det ved høg vasstand ikkje vil vera mogleg å passere tørrskodd etter stigen på utsida. Plasseringa av bygget bør derfor justerast i endeleg plan, slik at det blir teke betre omsyn til allmentas rett til fri ferdsel og opphald langs vassdraget.

Slik det nye terminalbygget er tenkt plassert kan det verke meir som eit stengsel enn som ein invitasjon inn mot nasjonalparken. Det er trekt så langt ned i vasskanten at det ved høg vasstand ikkje vil vera mogleg å gå mellom nybygget og vatnet – jf. figuren på side 20:



Figuren viser:
5 Mønehøgde Kote 991,02
4 Gesims Kote 988,25
3 Høgaste målte vannstand Kote 985,40
2 Normal vannstand, sommar Kote 984,50
1 Normal vannstand, vinter Kote 983,50

I kommunen sin gjennomgang av planforslaget er det i tillegg vist til at det under flaumen i 2011 var enda høgare vasstand enn det som er referert til på figuren over:



Vasstanden var m.a.o. høgare enn det som er referert til som høgaste målte vasstand. Grunnkart, som viser dagens kioskbygg og nytt lagerbygg på brygga. Kotehøgd 985 er vist med turkis farge.



Lilla farge: Buffersone på 20 m langs alle vassdrag, av NVE definert som fareområde for flom.
Skravert område: Aktsemdkart for flom.

Det er viktig at planen viser eit korrekt bilete av korleis vasstanden kan variere, og ta ekstra høgde for å sikre passasje mellom nybygget og Gjende – også ved høg vasstand.

Det er beklageleg at terrenginngrepet med reinseanlegg sør for Gjende likevel ikkje blir tilbakeført til LNF-område, slik det var vist i gjeldande reguleringsplan frå 2012. Det er rett nok ein eksisterande installasjon, men det er nokre utfordringar knytt til vedlikehald, som medfører noko utskifting av masser med nokre års mellomrom.
Med den valde løysinga i revidert plan vil det vera svært viktig at driftinga av reinseanlegget i det veglause området blir utført på ein skånsam måte, slik at det ikkje oppstår nye inngrep som utviding av slamlaguner eller skjemmande køyrespor i eit område som ligg tett opp mot nasjonalparkgrensa. Dette området i randsonen til nasjonalparken har også kulturminne og eit verdifullt kulturmiljø som bør skjermast mot nye inngrep i landskapet.

ST 27/2019 Eventuelt